

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Grong.

Emne: Ting til lægedom.

Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken.

Gard: Bjerken.

(adresse): Ø y h e i m .

G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det var mange som brukte ringar på fingrane mot gikt i den eldre tid. Det var glatte ringar nokko kjukkare enn en giftering men ellers lik ein slik ring. Dei var gjort av to slags metal koppar og sink. Det var koppar ytters og so var sinken fals inn i ringen men der var ei open spalte på innsida av ringen so sinken nådde fingeren ilag med kopparen. At det var nokkon innskripsjon på ein slik ring såg ein ikkje. Det var kramkarar som gjekk omkring med andre varor som mykkje godt selde slike ringar som vart kalla giktringar og hadde ord for å vera bra mot gikten. Prisen på dei veit ein ikkje no lenger kor høg den var men då dei var rekna sers glupe var prisen heller høg.

At det var andre serlege ringar veit ein mindre om men dei almindelege giktringar var rekna elektriske og det skreiv seg frå at det var 2 metal i dei nemleg koppar og sink som hørde til eit elektrisk element. Ringar som var gjort av tvinna metaltrådar såg ein ikkje som vart brukt rundt kroppen eller på armar eller bein. Heller minnes ein ikkje ringar av bein mot sjukdom.

Kjeder eller bånd rundt armen mot gikt kan ein hugsa å ha sjet brukt. Ikkje såg ein her kjeder av

bein og koppar som brukt mot gikten.

koppar og beinperlor brukt mot gikt eller andre sjuke dommar. Ein kan heller ikkje hugsa at nokkon bar hengesmykker rundt halsen mot gikten.

Giktbelter kjenner ein brukt mykkje av her i bygda. Dei var laga av koppar og sinkplator med eit millomlag av filt. Dei vart lakt i edikke og båret på berre kroppen. Dei vart kalla giktbelter og vart kjøpt etter avertisement i blada. Dei var laga av firkanta plator som var ein tumme stor og hekta ihop med ein koppartråd. Armbånd etter samma mønster har ein ikkje minne om her.

Øreringar brukte nesten alle kvinnfolk i den eldre tid men det var alltid gullringar. Det var mest almindelege slette ringar utan krimskrams i allfall på landsbygda men millom finare folk kunde det bli brukt ringar både med stein og plator. Ringane var festa ved at det vart sett eit hol på øreflippen og so sette dei fyrst inn ein blyring for at det ikkje skulde komma verking i holet og når holet var grodd vart gullringen sett inn. Ringar vart sett inn i begge ører. At mannfolk bar øreringer såg ein ikkje her. Desse ringane i øret var berre for stasen si skuld og eg trur ikkje at hadde nokko med sjukdom å gjera.

For å berga seg mot sjukdom hørde ein at ein og annan bar muskus i ein pose og med ei snor om halsen men om dei hadde amulettar av anna slag er lite kjendt. Umogeleg er det ikkje men er no gløymd.